

Til lukke med dagen!



1. mai 2025

Til lukke med dagen!



1. mai 2025

Velferd er vår beste beredskap

Medan mange av oss må snu og vende på krona, blir stadig meir rikdom samla på nokre få hender. Dei som har mykje må bidra meir, så vi alle kan få ein enklare og betre kvar dag. Det at skilnadene aukar skaper grobotn for ytre høgje, som vi no ser i enkelte land.

Velferdsstaten er eit av dei viktigaste verktøya vi har i kampen mot skilnader. Men han er under press. Vi treng fleire tilsette i velferda vår, men økonomien til kommunane og sjukehusa blir stadig svekka. Dei tilsette må springe fortare, noko som gir utslag i høgt sjukefråvær og at folk sluttar. Samtidig ser vi at kommersielle aktørar innan velferd går med store overskot. Får dette halde fram, går vi mot ei todelt velferd der dei rikeste kan kjøpe seg betre tenester.

Denne utviklinga vil SV snu. Ein god oppvekt, eit sikringsnett og omsorg som er der når ein treng det gir tryggleik i kvar dagen. Det er dei kvinnedominerte yrka i offentleg sektor som held oppe velferdsstaten. Dei er gull verd, og må få ei lønn å leve av, arbeidsforhold som ikkje går på helsa laus, og nok folk på jobb som kan ta dei tunge løfta saman. Då blir både velferda betre, og fleire vil velje og vere i stand til å utføre desse viktige jobbane.

SV vil også vidare. Vi vil utvide velferdsordningane. Sidan 2021 har over 550.000 unge fått tilgang til rimelig tannlege, takka vere SV. Vi gir oss ikkje før alle har råd til å smile.

Det er berre ein dag i året stemmesetelen er sterkare enn pengesetelen. Bruk den for å forsvare velferda vår. Bruk den for å bygge ned skilnader, ikkje velferdsordningar. Bruk den for å bevare velferda og bygge beredskap mot ytre høgje. Gratulerer med arbeidernes dag!



Velferd er vår beste beredskap

Medan mange av oss må snu og vende på krona, blir stadig meir rikdom samla på nokre få hender. Dei som har mykje må bidra meir, så vi alle kan få ein enklare og betre kvar dag. Det at skilnadene aukar skaper grobotn for ytre høgje, som vi no ser i enkelte land.

Velferdsstaten er eit av dei viktigaste verktøya vi har i kampen mot skilnader. Men han er under press. Vi treng fleire tilsette i velferda vår, men økonomien til kommunane og sjukehusa blir stadig svekka. Dei tilsette må springe fortare, noko som gir utslag i høgt sjukefråvær og at folk sluttar. Samtidig ser vi at kommersielle aktørar innan velferd går med store overskot. Får dette halde fram, går vi mot ei todelt velferd der dei rikeste kan kjøpe seg betre tenester.

Denne utviklinga vil SV snu. Ein god oppvekt, eit sikringsnett og omsorg som er der når ein treng det gir tryggleik i kvar dagen. Det er dei kvinnedominerte yrka i offentleg sektor som held oppe velferdsstaten. Dei er gull verd, og må få ei lønn å leve av, arbeidsforhold som ikkje går på helsa laus, og nok folk på jobb som kan ta dei tunge løfta saman. Då blir både velferda betre, og fleire vil velje og vere i stand til å utføre desse viktige jobbane.

SV vil også vidare. Vi vil utvide velferdsordningane. Sidan 2021 har over 550.000 unge fått tilgang til rimelig tannlege, takka vere SV. Vi gir oss ikkje før alle har råd til å smile.

Det er berre ein dag i året stemmesetelen er sterkare enn pengesetelen. Bruk den for å forsvare velferda vår. Bruk den for å bygge ned skilnader, ikkje velferdsordningar. Bruk den for å bevare velferda og bygge beredskap mot ytre høgje. Gratulerer med arbeidernes dag!

